



Osterøy kommune
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ove Midtbø, 5764 3176

Oversending - klage - offentleglova - Osterøy kommune - søknader og dispensasjonar til etablering av steinknuseverk - Trygve Tønnessen

Vi viser til vedlagde e-postar med vedlegg frå Trygve Tønnessen 12.06.2023 og 23.06.2023, som gjeld klage på manglande innsyn i dokument hos Osterøy kommune. Kommunen er kopimottakar av e-postane.

Statsforvaltaren er klageinstans i saker om manglande innsyn etter offentleglova, jf. offentleglova § 32 første ledd. Etter forvaltningslova § 33 skal kommunen ved klage sjølv vurdere saka på nytt, før klaga og saksdokumenta vert sendt til oss som klageinstans for handsaming.

Statsforvaltaren minner kommunen om at krav om innsyn og klager over avslag på innsyn skal handsamast «utan ugrunna opphald», jf. offentleglova § 32.

Vi ber Osterøy kommune om å handsame klagen i tråd med gjeldande lovverk. Dersom kommunen kjem til at det ikkje er grunnlag for å gje heilt eller delvis innsyn, skal det gis eit skriftleg svar og vise til heimel for avslaget, jf. offentleglova § 31.

Dersom klagen ikkje vert teken til følgje, ber vi om at saka vert førebudd som klagesak og sendt til oss for klagehandsaming så snart den er tilrettelagt, jf. offentleglova § 32, jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

Med helsing

Ove Midtbø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

E-postar med vedlegg frå Trygve Tønnessen 12.06.2023 og 23.06.2023



Kopi til:
Trygve Tønnessen